



*Til  
Det norske Teater  
fra  
Hulda Garborg*

22.2.32



# DET NORSKE TEATRET

DEI FYRSTE FEMOGTJUGE ÅRA

1913-1938

SKRIFTSTYRAR OSKAR BRAATEN



DET NORSKE SAMLAGET



## MEN ENNO UTAN EIGEN GARD —

ALT so tidleg som i november 1913 gjorde styret i Det Norske Teatret vedtak um å be inn til eit møte der husspursmålet skulde dryftast. Møtet vart halde den 11. desember same året, og det vart valt eit arbeidsutval til å fyrebu byggjesaka. Arkitekt Kristian Rivertz, advokat Niels Onsager, direktør Anth. Norstraum og skodespelar Sigurd Eldegard vart valde til dette utvalet, og i sammøte millom styret og utvalet den 23. same månaden vart det vedteke å sende søknad til Finansdepartementet um utviding av Pengelotteriet so mykje at det kunde bli medteke tri hundre tusen kronor til Det Norske Teatret til å byggje hus for.

I slutten av 1914 sende styret ut ei innbeding til ny lutteikning, og der skreiv det millom anna: «Naar styret for Det Norske Teatret no vender seg til vener av teatret med oppmoding um aa yta pengar, er det med den visse voni at me møter samhug hjaa alle. *Det Norske Teatret maa ikkje doy* — det vonar me alle vener av norsk spelkunst og norskt maal er samde med oss um. Skal Det Norske

Teatret fylla si oppgaaive ikkje berre med aa syna fram norsk kunst heile landet rundt, men fyrst og fremst ved aa fremda talemaalet, lyt det hava eit fast tile der skodespelarane kan faa den naudsynlege rettleiding til aa handsama det norske maalet.

Her ligg ei av dei største oppgaaivone for teatret.

Det Norske Teatret lyt difor snarast raad er kunna setja fot under eige bord, det lyt med andre ord faa sitt eige hus. — Som ein veit hev styret tidlegare søkt eit tilskot paa kr. 300 000 naar pengelotteriet vert utvida. Som stoda no er, kan me kanhenda ikkje gjera rekning paa at dette vert gjort med det fyrste. Men det er sjølv sagt at naar Nationaltheatret hev fenge tomt og ein halv million i tilskot av lotteripengar, alt i alt minst 1 million, kan staten i lengdi ikkje negta aa stydja Det Norske Teatret, sofram det er aalvorleg meint at dei tvo maali skal vera jamstelte.

Etter framlegg fraa styret hev lutlaget gjort vedtak um aa setja lutmidelen upp til kr. 150 000 bytt i luter paa kr. 25. — Det hev gjort dette endaa um me ikkje kan rekna med aa faa teikna so stor sum med det fyrste. Styret held seg difor til handa aa slutta lutteikningi naar det finn det turvande, um ikkje heile summen, som er nemnd ovanfyre skulde vera teikna. Det er som sagt vaar tru at naar ein høveleg kapital er teikna vil ikkje staten segja nei lenger, naar me kjem med søknad um studnad til-aa byggja eige hus.»

Det gjekk nære på tri år før riksstyret tok avgjerd um å vide ut Pengelotteriet, og proposisjonen vart framsett under dissens. Statsrådene Lars Abrahamsen og N. C. Ihlen var imot lutspel og vilde ikkje vera med på å vide ut høvet til lutspel her i landet.

Proposisjonen um dei tri hundre tusen kronone til Det Norske Teatret vekte ein beisk og hissig strid i pressa før saka kom upp i Stortinget. Styret hadde i søknaden sin millom anna skrive dette:

«Til dessar hev det (teatret) havt ovstore vanskar aa strida med. Teatret meiner det hev ei stor oppgaaive i Kristiania med, og der lyt


det halda seg nokre maanader kvart aar um det skal faa øva inn nye stykke, og um ikkje skodespelarane skal verta reint utslitne. Men der er scena so trong og heile utstyret so smaatt og ringt, at det er utifraa vanskelegt aa kunna tevla med dei faste teatri. Og ferderne er so dyre at inntekterne snøgt gjeng til, endaa søknaden til framsynningarne utanfor Kristiania er stor og aukar stødt. Med di teatret største parten av aaret er paa ferð vert arbeidet aat skodespelarane so utifraa slitsamt, at dei lyt faa betre løn um teatret skal kunna gjera rekning paa aa faa ha dei.

Med umsyn til det kunstnarord teatret hev vunne seg viser styret til ei mengd lovord Det Norske Teatret hev fenge av mange sers kuninge folk. Det Norske Teatret vil ikkje for aa tena pengar gaa ned fraa det nivaat det no hev arbeidt seg upp til. Det vil heller slutta med arbeidet.» — — —

Den nynorske pressa og andre blad gjekk med varme og sterke ord inn for løyvinga til Det Norske Teatret, men bokmålsblada var sure.

«*Social-Demokraten*» skreiv m. a.: «Som læserne vil ha set av budgetkomiteens indstilling i lørdags er der enighet om at gaa til en større utvidelse av pengelotteriet. Men naar man kommer til spørmaalet om anvendelsen av de økede indtægter, hører enigheten op. Flertallet foreslaar ca. 1 million kroner fordelt mellem det norske teater (til eget hus) og forskjellige videnskabelige institutioner samt kornsaken og jorddyrkingen. Av flertallet forbeholder Buen og Konow sig at opta forslag om 200 000 kroner til teatrene i Trondhjem og Bergen. Et mindretal, Bratlie og C. O. Lund, foreslaar at der kun skal ydes støtte til kornsaken og *tuberkulosesaken*. Vi maa bekjende at vi i det store og hele slutter os til det konservative mindretal i denne sak.»

«— Først og fremst skal Maalteatret ha 300 000 Kr.» skreiv «*Morgenbladet*» m. a. «Dernæst skal Bergens Museum ha 300 000 Kr. — Og saa skal Resten brukes til Kornavlens Fremme og Landets Op-



Ibsen. Bjørnson. Braaten. Hoprekstad.  
Maalteatret søker om et beskedent statsbidrag. Vi synes det bør faa fri tomt i Studentertunden og samme bidrag som Nationaltheatret. Men naturligvis paa betingelse av at det opfører likesaamange middelmaadige digterværker som dette aar om andet.

dyrking. Rekkefølgen taler et tydelig Sprog og Formaalene synes valgt under Trykket av mægtige og almægtige Mænd. Delingsprincippet gir Uttryk for en velbrukt Regjeringsmaksime. Del og hersk!»

«*Riksmålsbladet*» vende seg til teaterkritikarane og spurde um dei meinte at dei reint kunstnarlege umsyn gjer slik statshjelp rimelig. A. P. i Bergen svara m. a.:

«Mit indtryk av landsmaalsteatrets virksomhet er, at det aldrig har git os noget som har med kunst at skaffe. Dilletantkomedie synes jeg bør henvises til gymnasier og foreningslokaler og ikke rope





etter offentlig dom, — enten der saa spilles paa norsk eller paa landsmaal.» Av *Nils Kjær* tek vi dette or ein lengre artikkel: «Men jeg tviler ikke paa at vore forunderlige Statsmagter med Begjærighed vil styrte sig og os i den Udgift at fugte den lille hentørende Maaloase i Rosenkrantzgaden. Isaafald blir Bidraget formodentlig saa rigelig, at man kan faa oversat endel dramatisk Litteratur fra vort eget Sprog, da Landsmaalet mig bekjendt ikke ejer mere end højst halvandet Skuespil.»

Men so fekk no «Riksmaalsbladet» dette svaret òg:

«Hr. redaktøren spør mig om jeg finder at kunstneriske hensyn gjør det rimelig og rigtig at staten paa denne maate (ø: ved statsbidrag) opretter to nationalteatre i Christiania, et paa landsmaal og et paa riksmaal. Jeg har den ære at svare: Ja. Jeg finder det rimelig og rigtig.

Son 9. november 1915.

Gunnar Heiberg.»

Løyvinga til Det Norske Teatret vart vedteken i Stortinget den 5. juli 1916. — «Det lykkedes at kjæmpe frem millionen til tuberkulosesagen,» skreiv «*Aftenposten*». «Men det holdt haardt. Maalteatret maatte jo gaa først. Det hellige dyr turde venstre ikke røre.»

Men husspursmålet var ikkje løyst, og no skulde det gjerast ein framstøyt i saka. I juni 1916 vart Rosenkrantzgt. 9 og 9B og Kristian IV gt. 4 innkjøpt med tanke på å byggje nytt teaterhus, og den 14. juli 1916 la arkitekt Kr. Rivertz, som då var formann i styret, fram planar for teater og forretningsgard på tuftene Rosenkrantzgata 9 og 9B. Han meinte at teatret snarast råd var, burde gå i gang med byggjing, og det vart sett ned ei nemnd på fem mann som skulde sjå gjenom planane og segja meininga si um byggjinga og det heile. I den nemnda kom desse med: arkitektane Carl Berner, Henrik Bull og Ole Stein, teaterstyrar Anton Heiberg og teatermålar Jens Wang. Arkitekt Rivertz melde då frå at han fyrebils ikkje kunde stå som



Fru Liv Løvland.



Nils Sletbak.

formann, for han tenkte å vera med i arkitekt-tevlinga. Og i styremøte den 10. april 1917 vedtok styret, etter framlegg frå teaternemnda, å beda arkitekt Rivertz koma med teikningar og kostnadsoverslag til teater i Rosenkrantzgata 9 og 9B på grunnlag av dei blyantskissone han hadde gjort.

I 1918 gjorde riksstyret framlegg um å gje kr. 300 000 av Penge-lotteriet til hus for Det Norske Teatret. Teaterstyret sende søknad um å auke summen til kr. 500 000. — Stortinget gjekk med på dette.

Den 22. august 1918 vedtok styret å setja i gang grunnarbeidet på tufta so snart det let seg gjera, og no laut ein syte for å få løyve av husleigenemnda til å segja upp leigebuarane. Styret sende to søknader til husleigenemnda um å få byggje, men fekk avslag med den grunngevinga at teatergard var «luksusbygning».

Styret hadde i 1918 vedteke å be inn til lutteikning i L/I Teatergarden, men då husleigenemnda hadde nekta teatret å byggje, vart det stogg i teikninga. Det var, som rimeleg kunde vera, vanskeleg å få pengar til eit hus ein ikkje visste når ein kunde få reist. Olav Hoprekstad fekk på årsmøtet i 1919 alle med seg på dette framlegget: «Årsmøtet i Det Norske Teatret vender seg til husleige- og anke-



nemndi i Oslo med krav um at Det Norske Teatret no må få løyve til å byggja teaterhus på den tufti som teatret eig i Rosenkrantzgata. Det er eit krav som meir og meir gjer seg gjeldande både i Oslo og kringum landet elles at Oslo ikkje lenger må hindra dette kulturtiltaket midt i beste framvokstren ved å nekta det å reisa dette huset, som teatret no ikkje kan vera forutan.»

Den 3. oktober 1919 vedtok styret å sende søknad til kommunestyret i Oslo um å få kr. 500 000 av kino-overskotet til teaterbyggnaden. Søknaden vart avslagen.

So endeleg den 15. juni 1920 gav ankenemnda teatret lov til å byggje. Og etter oppmoding frå Johan Bojer som var formann i styret for Det Nye Teater, vart det i januar 1920 sendt søknad til staten um å få 3 millionar av ei eventuell utviding av Pengelotteriet til byggjepengar for Det Norske Teatret og Det Nye Teater til like deling millom desse.

I styremøte den 14. desember 1919 der Olav Hoprekstad var til stades, kom han med framlegg um at teatret burde tryggje seg tuft til teaterbyggjing i Bergen. Etter at spursmålet var dryft av styret her i Oslo, og av styra for målsamskipnadene i Bergen, vart desse siste samde um å taka over ei tuft, Nygårdsgata 10 i Bergen, til ein pris av kr. 195 000. Det var meininga at denne tufta skulde seljast, um ein kunde få ei som var høvelegare.

Byggjeplanane i Oslo stod fyrebils i stampe. Styret vedtok i desember 1920 å vente enno ei tid med å setja byggjearbeidet i gang, for byggjeprisane hadde gått bra ned dette året, og det var truleg at det vilde svara seg å vente. På søknader til stat- og kommune um tilskot til byggjepengar var det enno ikkje kome svar.

På styremøte den 8. mars 1922 vart det vedteke å sende søknad til Stortinget um kr. 500 000 av Pengelotteriet, som vart auka det året. Då teatret ikkje fekk dette tillegget, måtte ein på nytt setja ut byggjeplanane på uviss tid. Men styret kunde likevel ikkje la det gå lenger

med det tekniske apparatet og dei garderobetilhøva for skodespelarane som teatret hadde havt til då. Det vart vedteke å koste på, noko for rekning av teatret åleine, og noko saman med Bondeungdomslaget. Ei naudhjelp til so lenge, tenkte ein då.

Men det viste seg at byggjespursmålet ikkje kunde løysast i noka nær framtid. Og finansnemnda fann det nyttelaust i dei tidene å sanke luter til hus for Det Norske Teatret. Styret sende i 1924 søknad um kr. 500 000 av kinematografoverskotet, men fekk ingenting.

Den 2. oktober 1924 kjøpte styret Torggata 9 (Fahlstrøms Teater) då det var små voner um å få pengar til byggjing i Rosenkrantzgata 9, og styret fann at det var ille um Det Norske Teatret no ikkje fekk seg betre husvære med det fyrste. Kjøpesummen var kr. 920 000. Styret hadde rådført seg med byggjekunnige folk før det gjekk til kjøp, og etter overslag av arkitekt Bull trongst det kring kr. 200 000 til å få huset brukande til teater, allvisst millombils. Samstundes med dette sette styret ned ei nemnd som skulde freiste å få reist kapital til byggjing i Rosenkrantzgata. Styret hadde no to vegar opne til å løyse byggjespursmålet i Oslo: Det kunde byggje i Rosenkrantzgata, og det kunde flytta inn i Torggata 9, anten berre millombils eller for godt. Utanum dette hadde teatret tufta i Nygårdsgata 10 i Bergen. Dette året òg søkte styret um tilskot, og no både frå Stortinget og Oslo kommune, men det vart nei bae stadene.

Planane frå arkitekt Bull til å få teatret i Torggata 9 i fullt stand låg ferdige i spelbolken 1925—26, men Oslo kinematografar hadde tinglyst leigekontrakt på teatret til utgangen av 1928, og Det Norske Teatret fekk ikkje svar på spurnaden sin um å få taka over teatret før leigetida var ute.

I mars 1927 søkte teatret riksstyre og storting um å få byggjetilskot på kr. 500 000 av Pengelotteriet, og Oslo kommune um å få same summen av kino-overskotet. Av Pengelotteriet fekk teatret kr. 200 000, av kino-overskotet ingenting.



På årsmøtet den 24. oktober 1927 gav formannen i styret, disponent *Bjarne Foss*, ei utgreiding um husspursmålet og kom med dette framlegget frå styret: «Årsmøtet bed styret syta for nytt husvære for Det Norske Teatret so snart råd er og gjev styret fullmakt til å kjøpa, selja og pantsetja fast eigedom.»

Arkitekt Rivertz kom med framlegg um å be styret selja Torggata 9 og prøve gå i gang med nybyggjing i Rosenkrantzgata 9—9b snarast.

Framlegget frå styret vart vedteke mot 3 røyster.

Styret var samd i at Torggata 9 burde seljast og rekna med at Oslo kommune gjerne vilde ha huset til kinodrifta. Våren 1928 kjøpte kommunen eigedomen for kr. 1 100 000. Fortenesta vart kr. 180 000 netto, av di både stat og kommune etter fleire søknader frå teaterstyret gav etter skatten på salsvinsten. Pengane vart brukte til drifta og kom vel med.

No var det å bu seg på å slå seg til i Bøndernes Hus for ei tid frametter, og det vart kosta frisk-luft og varmluft-ventilasjon og elles pussa upp og stelt både i salen og garderobane. Men husspursmålet var ikkje gløymt.

Teatret fekk ei tuft av Tivolumrådet på hand frå 11. april til 11. oktober 1929, og arkitekt Arneberg arbeidde ut fyrebils utkast til nytt teaterhus der. Trass i fleire søknader var det ikkje råd å få ny handgjeving frå Oslo kommune. Det vart òg gjort freistnad på samarbeid med andre parthavarar, men heller ikkje dette førde fram.

Då det synt seg å vera uvisst um korleis det kom til å gå med Tivoli-tufta, kjøpte teatret 8. april 1930 *Blunck-tuftene* mot Kristian IV gate for å auke dei gamle areala sine i dette kvartalet. Og elles arbeidde styret med å finne ei ny millombils ordning i husspursmålet. Dette førde til at det vart gjort avtale um å leige *Centralteatret* fra 1. september 1931. Men Det Norske Teatret baud seg òg til å dryfte ein sams byggjeplan med *Folketeatret* etter at «Arbeiderbladet» hadde skrive um samarbeid millom dei to teatra. Det vart halde eit par

sammøte. Det Norske Teatret sa frå at det ikkje kunde eller vilde gje upp fyremålet sitt: å spela på nynorsk. Det vart då dryft ein sams byggjeplan, men det synt seg at det ikkje kunde bli ei fullgod løysing korkje på tuftene til Det Norske Teatret eller på tuftene til Folke-teatret.

Teatret vart uppsagt i Centralteatret nyår 1934. Den 10. mai hadde teatret siste framsyninga der. Frå hausten måtte det flytta attende til teatersalen i Bøndernes Hus, der teppet gjekk upp for fyrste framsyninga hausten 1913.

Spursmålet um å kjøpe *Det Nye Teater* melde seg hausten 1932. Det Nye Teater var i pengevanskar og Det Norske Teatret lånte då Det Nye Teater kr. 50 000 mot pant og *forkjøpsrett* um eigedomen vart til sals. Lånet vart betalt attende våren 1934, men forkjøpsretten gjekk fyrst ut sist i september 1937. — Då Det Nye Teater ikkje sjølv kunde drive teater i bygningen sin, vart det teke upp tingingar um å kjøpe eigedomen våren 1934. Det førde ikkje til noko. Teatret vart i staden burtleigt til teatersjefane *Einar Sissener* og *Fridtjof Mjøen*. Då dei måtte stogge drifta tidleg på sumaren 1937, gav styret i Det Norske Teatret seg til å tinge — etter ymse oppmodingar — um kjøp av eigedomen. Fyrst vart det fastslege at styret i Det Nye Teater var viljug til å tinge med Det Norske Teatret um sal. Styret fekk då ei sakkunnig nemnd til å synfara teaterbygningen, Rosenkrantzgata 10, og etter tilråding frå nemnda sende styret den 11. august tilbod til Det Nye Teater um å kjøpe eigedomen for kr. 1 100 000. Representantskapet i Det Nye Teater sa i møte 16. august nei til dette kjøpetilbodet.

Av byggjefondet har teatret etter løyve frå Stortinget fått låne i alt kr. 325 000, slik at det er gått ned til kr. 675 000. Teatret reknar med at det treng 1½ mill. kr. um det skal få reist nytt teaterhus, og søkte 17. februar 1938 statsmaktene um ei tilleggsløyving på kr. 825 000. Riksstyret har sagt at denne søknaden blir uppteken til dryfting saman med statsbudgettet for neste år.

*Oskar Braaten.*